

Preses Olav Fykse Tveit  
Helsing ved lanseringa av  
Kirkebevaringsprogrammet  
Erkebispegarden, Trondheim, 21. februar 2024

Vyrde statsrådar, Riksantikvar, biskop, kjære alle sammen!

Dette er ein historisk dag!

Dette er ein gledeleg dag for alle som bryr seg om kyrkjebygga våre. Difor er det ein viktig dag for heile Den norske kyrkja. Difor er det også ein god dag for nasjonen og landet vårt. Kyrkjebygga er viktige formidlarar av vår historie og kulturarv, våre moralske verdiar og åndelege rikdom og impulsar som har kome til oss og som vi har gjort til våre eigne.

Vi startar eit nytt felles program for kyrkjebygg som det er mange gode grunnar til å ta spesielt godt vare på. Eg ser det som ei stor glede og eit privilegium å få leie dette arbeidet saman med representantar for Riksantikvaren, KA og Kyrkjerådet, med direkte linjer til og støtte frå Staten ved Departementa. Sjølv representerer eg også biskopane som har sitt spesielle ansvar for kva som skjer med alle kyrkjebygga i sine bispedømme.

Dette skjer i eit år der vi feirar tusen år sidan kristenretten vart sett på Moster, som mellom anna slo fast at det skulle byggjast kyrkjer rundt omkring i landet vårt. Vi feirar også Magnus Lagabøters landslov, eit jubileum som også opnar for oss kva for verdiar kyrkjene representerer for folket, for alt folket, også fattigfolk.

Kyrkja er meir enn ein «ide» eller eit snevert sosialt fellesskap. Kyrkjebygga, frå alle periodar vi har hatt kristendom i Noreg, er ei konkret ramme i stein og tre som uttrykk for at menneske høyrer saman der ein høyrer til. Kyrkjebygga har gitt menneske ly i livets stormar, og stor høgde over livets gleder. Kyrkjebygga har også gjort at vi ser at vi høyrer saman under den same himmel. Kyrkjebygga gir den lokale røyndomen ein regional og ein nasjonal dimensjon, men også eit globalt perspektiv.

Alt dette fekk eg tydeggjort på nokre reiser dei siste vekene. Den eine var til Nordmøre. Der feira eg saman med ein solid flokk Kyndelsmesse i Kvernes stavkyrkje (sannsynlegvis frå 1600-talet) i stormen Ingunn. Ho vart berga og er eigd av Fortidsminneforeninga, og vert teken vare på med sterkt lokalt engasjement frå friviljuge, frå kyrkjelege og kommunale instansar. Ein annan dag var det gudsteneste i Tingvoll kyrkje frå slutten av 1200-talet, som er eit stort og talande døme på kvifor det vi no gjer er å framleis ta vare på arvesølvet vårt ved å investere vesentlege midlar frå omsetjing av kyrkjas arvesølv på denne måten. Dette er ei stor kyrkje i mykje bruk, til gudstenester, gravferder, bryllup, dåp, med fantastisk musikk og akustikk. I samtale med kyrkjevevjen og andre lærte eg om det som alt er gjort og kvifor det programmet vi no startar, er så vesentleg også for framtida.

Veka før dette var eg i Jerusalem og Betlehem, og var innom Fødselskyrkja der søyla med Olav den Heilage har stått sidan slutten av 1200-talet. Det syner at å byggje kyrkje på Tingvoll var ein del av den verdsvide kyrkjas uttrykk for at budskapet om Jesus fødsel, om Guds nærver i verda, kan og skal bli synleggjort i noko konkret og synleg. Over alt. I ulike tider.

Kyrkjebygga representerer dei lange linjene i samfunnet, og dette må vi formidle til nye generasjonar. Dei representerer ein heilt sentral del av norsk kulturarv og historie. Den

materielle kulturarven: materiale, byggteknikar, handverkstradisjonar og kunst. Samtidig formidlar interiøret og utsmykkinga samfunnshistorie og politikk. Også av den grunn høyrer dei til den lokale historie og fellesskap, men også det vidare nasjonale – og internasjonale fellesskap. At dei viser at vi høyrer til under same himmel, gjer at dei også formidlar verdiar inn i eit meir mangfaldig samfunn i Noreg, no og i framtida.

Folk i Noreg er opptekne av kyrkja si. Uansett tru og tilhøyrslse, er det mange som passerer eit kyrkjebygg i lokalsamfunnet. Det er eit signalbygg. Eit kyrkjebygg i aktiv bruk og ei godt vedlikehalden kyrkje formidlar noko anna enn ei falleferdig kyrkje. Rundt kyrkjene ligg ofte ein prestegard. Ein god del av desse vil no bli overført frå OVF til kyrkja. For oss er det viktig å sjå dette som heilskaplege kulturminne. Prestegardane har sin eigen historie med eigen arkitektur og minne om det livet som har vore levd der – saman med kyrkjebygget. Kyrkja gler seg til både å ta vare på dette og formidle historia og kulturminneverdien på ulike måtar.

Regjeringa sitt kyrkjebevaringsprogram med tilhøyrande finansiering er svært viktig for å kunne ta vare på noko av det beste vi har.

No investerer vi kyrkja sitt arvesølv for å ta vare på den arven som kyrkjebygga utgjer. Det er ei god investering.

Vi ser fram til tett samarbeid med alle gode krefter, lokalt og nasjonalt, for å få til eit løft i vedlikehaldsnivået for norske kyrkjer – og halde nivået godt ved like der det allereie er godt vedlikehald. Eg ser spesielt fram til samarbeidet med Riksantikvaren, og med KA som støttar sokna og Fellestråda som utgjer dei fleste lokale kyrkjeeigarane, og som har etablert ei imponerende kyrkjedatabase som fortel korleis det står til med dei bygga vi snakkar om.

Saman skal vi leie ein ny type samarbeid mellom aktørar som allereie gjer mykje, som har, som får, og som saman vil ta mykje ansvar for kyrkjebygga våre.

Å forvalte kyrkjebygg handlar om å sjå bakover og framover på same tid. Gjennom vedlikehald, bruk og formidling vil interessa for bygga auke. For det handlar om noko mange faktisk ikkje berre er interesserte i. Folk er glad i kyrkjene sine.

Erkebiskop Øystein som denne salen er oppkalt etter, var ikkje minst kjent for å vere kyrkjebygger. Dette er ein god stad å starte.